



Landbruks og matdepartementet
Postboks 8007
Oslo Dep
0030 Oslo

5. mai 2008

Høyring – Forslag til endring i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven.


Vest-Telemarkrådet legg til grunn at endringane som no blir føreslege vil styrkje lokal busetting og ta vare på produktiv jord. Vår region ynskjer fleire innbyggjarar som kan ta del i lokalsamfunnet og gje bidrag til levande bygder. Vi ser på landbrukseigedomane som svært viktige ressursar for å kunne vidareføre kultur- og miljøverdiane på landsbygda, og meiner at eit godt regelverk i samband med bu og driveplikt er avgjerande i denne samanhengen. Departementets forslag er såleis eit godt utgangspunkt for dette.

- Vest-Telemarkrådet stør forslaget om å overføre reglane for buplikt etter odelsloven til konsesjonsloven, og at reglane for driveplikt etter konsesjonsloven vert flutt til jordloven.
- Vi stør også forslaget om å auke grensa for buplikt til hhv. 25 daa dyrka mark og 350 daa produktiv skog.
- Rådet går vidare inn for at grensa for konsesjonsplikt ved erverv av bebygd eigedom vert justert opp til 25 daa dyrka mark også inkludert overflatedyrka areal. Ein bør halde fast ved arealgrense på 100 daa totalareal.
- Vi er positive til at kravet til odlingsjord vert auka til 25 daa dyrka mark eller 350 daa produktiv skog.
- Vi er vidare positive til at det er spørsmål om arealgrenser som vert avgjerande når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller dreiar seg om odelsjord. Det vil sei at det korkje etter konsesjonsloven eller odelsloven skal gjerast ei konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".
- Vi stør også forslaget om at den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs at moglegheiten til å søkje fritak fell bort, og at det blir gjeve nærare reglar for konsesjonsvurderinga i desse tilfella.
- Rådet er positive til at driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdraging, og vera varig.
- Vi stør vidare forslaget om at slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.
- Vi ser gjerne at det blir innført buplikt i kommunen ved overtaking av større utmarkseigedomar og meiner at ei nedre arealgrense kan vera på 5000 daa.
- Vest-Telemarkrådet er også positivt innstilt til forslaget om konsesjonsplikt for framtidige generasjonar ved overtaking av fritidsbustad som tidlegare har vore fast bustad.

- Rådet stør ikkje forslaget om at buplikt berre kan oppfyllast ved at eigaren er registrert i folkeregistret som busett på eigedomen. Det må i tillegg kunne krevast at busettinga er reell.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Olav Urbø (sign)
Regionordførar


Kjell Gunnar Heggnes
Regionrådsleiar